



Til adressatar i følgje liste

Tingastad naturreservat - vedtak om oppretting etter prosedyren for frivillig skogvern

Regjeringa gjorde i statsråd 14.12.2018 vedtak ved kgl.res. om å opprette/utvide i alt 40 skogvernområde i medhald av naturmangfaldlova gjennom ordninga om frivillig vern. I Sogn og Fjordane gjeld det oppretting av

- Tingastad naturreservat i Sogndal, Sogn og Fjordane fylke

Alle som har hatt saka på høyring, vert med dette underretta om vedtaket, og får tilsendt vernekart og verneforskrifter i dette brevet, sjå vedlegg.

Klima- og miljødepartementet (KLD) har bede Fylkesmannen gjere vedtaket kjent for fylkeskommunane, kommunane, grunneigarar og andre lokale/regionale instansar/interessegrupper. Alle som har hatt saka på lokal høyring skal underrettast om vedtaket. Foredraget til kongeleg resolusjon ligg på KLD sine heimesider, www.kld.dep.no. Alle som ønskjer det, kan vende seg til Fylkesmannen for å få papirkopi av vernekartet.

Klima- og miljødepartementet (KLD) vil sende vedtaket til tinglysing på dei gnr/bnr som det gjeld, og syte for kunngjering i Norsk Lovtidend (avd. II, lokal og regionale forskrifter), og gjere vedtaket kjent for sentrale høyringsinstansar og Miljødirektoratet.

Fylkesmannen ber om at fylkeskommunen og kommunane tek vare på forskrifter og kart slik at områda blir innarbeidde i arealplanlegginga.

Fylkesmannen gjer grunneigarar og andre lokale instansar merksame på at dersom ikkje anna er nemnt i verneforskriftene, gjeld viltlova, lakse- og innlandsfisklova og lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Klima- og miljødepartementet (KLD) har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å sjå til at det blir gjennomført naudsynt merking, skilting og kartfesting ved ajourføring av økonomiske kartblad.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er delegert forvaltningsstyresmakta for dei to naturreservata, jf. Miljødirektoratet sitt brev av 17.12.2018.

Om erstatning

Staten v/ Miljødirektoratet er grunneigar på gnr/bnr 108/2 etter å ha kjøpt eigedomen med skogvern som formål. Vi vil likevel orientere om erstatningsordninga ved frivillig skogvern:

Ved frivillig skogvern har grunneigarane i områda medverka frivillig i verneprosessen, og at

erstatningssummane er avtalte på førehand. Erstatningsbeløpet vil bli utbetalt kort tid etter at vernevedtaket er gjort.

For eventuelt areal eller rettar som ikkje er omfatta av frivillig-vern-ordninga gjer Fylkesmannen grunneigar merksam på at det er reglane om erstatning i naturmangfaldlova som gjeld (naturmangfaldlova §§ 50 og 51). Etter naturmangfaldlova § 50 kan eigarar av og rettshavarar i eigedom som vert freda som naturreservat, krevje erstatning av Staten for økonomisk tap som er ein følge av vedtaket. Sidan Miljødirektoratet er eigar av gnr/bnr 108/2 der naturreservatet ligg, går vi ikkje nærare inn på reglane for erstatning som gjeld for reservatfreding i dette brevet utover at erstatning for vern som naturreservat skal utmålast i samsvar med utmålingsreglane i vederlagslova (ekspropriasjonsersatningslova).

Dersom du ønskjer meir informasjon om vernevedtaket eller har spørsmål om erstatning eller anna, er du velkomen til å ta kontakt med sakshandsamar hos Fylkesmannen, som er seniorrådgjevar Tom Dybwad, tlf. 57 64 31 23 eller fylkesmiljøvernssjef Nils Erling Yndesdal, tlf. 95 72 33 72.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Adresseliste:

Miljødirektoratet, post@miljodir.no
Leikanger almenning v/ Malen Røysum, malen.roysum@vegvesen.no
Vik almenning v/ Ivar Eilev Refsdal, ivareilevrefsdal@gmail.com
Feios almenning v/ Knut Sætre, saetre.m@online.no
Feios Almenning v/ Svein Harbakk, sveiharbakk@yahoo.no
Feios almenning v/ Tor Feidje, torfeidje@gmail.com
Fjærland almenning v/ Anders Bøyum, ajboyum@online.no

Grunneigarar på Fimreite:

Nils Evald Loftesnes, nil.loftesnes@hotmail.com
Helge Stadheim, hestadheim@gmail.com
Magni Haug Sims, robertmagni@yahoo.co.uk
Jørgen Binningsbø, jorgen.binningsbo@difi.no
Gyril Fimreite og Arne Kristian Borger, Fimreite, 6856 Sogndal, gyril.fimreite@vegvesen.no
Per Magne Fimreite, per.magne@fimreitebergboring.no
Jens Fimreite, jens.fimreite@maskinsenteret.as
Leif Norvald Fimreite, lnf@fsanlegg.no
Ingmar Fimreite, ingmar@fimreite.as

Andre:

Nils Joachim Knagenhjelm (105/1 og 105/2), nils@knagenhjelm.org
Sogndal kommune, postmottak@sogndal.kommune.no
Sogndal Bondelag v/ Jostein Flatland, jostein.flatland@online.no
Sogndal Bonde- og Småbrukarlag v/ Olav Nesse, olane@online.no
Kaupanger idrettslag v/ Bjarte Ramstad, bjarte.ramstad@online.no

Sogndal og Leikanger Skogeigarlag v/ Hans Arne Vikheim, hansarnevikheim@gmail.com
Sogndal jeger- og sportsfiskerlag v/ Finn Stedje, finnstedje@gmail.com
Sogndal Turlag v/ Anne Skaar, anne.skaar@hvl.no
Sogn Terrenge sykkel, post@sognterrenge sykkel.no
Bratt Moro, post@brattmoro.no
Balestrand kommune Skog i Sogn v/ Torkjell Dyrdal, Torkjell.Dyrdal@balestrand.kommune.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune, post@sfj.no
Sognekraft, post@sognekraft.no
Vest Politidistrikt, post.vest@politiet.no
Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning, Sogn og Fjordane, post@hvl.no
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, sognogfjordane@naturvernforbundet.no
Norges Jeger- og Fiskerforbund NJFF Sogn og Fjordane, sognogfjordane@njff.no
Norges vassdrags- og energiverk, region vest, rv@nve.no
Sogn og Fjordane Bondelag, sogn.fjordane@bondelaget.no
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag, sognogfjordane@smabrukarlaget.no
Sogn og Fjordane Skogselskap, brandsoyplanteskule@gmail.com
Vestskog, post@vestskog.no
Sogn og Fjordane Turlag, sft@dnt.no
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, sognogfjordane@fnf-nett.no
Sogn og Fjordane avd. NOF v/Anders Braanaas, anders.braanaas@eninvest.net
Visit Sognefjord, info@sognefjord.no

Statens vegvesen region vest, firmapost-vest@vegvesen.no
Forsvarsbygg, post@forsvarsbygg.no
Norges jeger- og fiskerforbund, njff@njff.no
Technogarden (nødnett), firmapost@technogarden.no
Norsk organisasjon for terrengsykling - NOTS, kontakt@nots.no
Stadnamntenesta på Vestlandet, post@sprakradet.no
Statnett, firmapost@statnett.no
Avinor, post@avinor.no
Direktoratet for mineralforvaltning, mail@dirmin.no
Universitetsmuseet i Bergen, post@um.uib.no
Den Norske Turistforening, DNT, info@dnt.no
Det Norske Skogselskap, info@skogselskapet.no
Fortidsminneforeningen, post@fortidsminneforeningen.no
Luftfartstilsynet, postmottak@caa.no
Norges geologiske undersøkelse (NGU), ngu@ngu.no
Norges Naturvernforbund, naturvern@naturvernforbundet.no
Norges Skogeierforbund, post@skogeier.no
Norsk institutt for Naturforskning NINA, firmapost@nina.no
Norsk ornitologisk forening (NOF), nof@birdlife.no
Norsk Skogbruksforening NORSKOG, firmapost@norskog.no
Riksantikvaren, postmottak@ra.no
SABIMA, sabima@sabima.no
Universitetet i Bergen, Geologisk institutt, post@geo.uib.no
Verdens Naturfond (WWF Norge), wwf@wwf.no

Kopi til:

Klima- og miljødepartementet

Forskrift om vern av Tingastad naturreservat, Sogndal kommune, Sogn og Fjordane

Fastsett ved kongeleg resolusjon 14. desember 2018 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å verne ein bestemt type natur i forma av eit stort og lite påverka skogområde med sitt geologiske og biologiske mangfald. Føremålet er vidare å verne eit området som er viktig for biologisk mangfald ved at det inneheld mange skogs- og vegetasjonstypar med både rik lauvskog og høgareliggjande furuskog og bjørkeskog, der større delar har areal med urskogprega fjellskog men også høgproduktiv gamal låglandsfuruskog, og ved at det fangar opp ein kontinuerleg gradient frå fjord til fjell.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Sogndal kommune: 108/2.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 1306 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet desember 2018. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Sogndal kommune, hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller delar av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablår, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e) Bålbrenning er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Beiting.
- b) Sanking av bær og matsopp.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Rydding av skotfelt ved jaktpostar slik at feltet er fritt for vegetasjon etter retningslinjer i forvaltningsplan.

- f) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- g) Utplassering av saltstein.
- h) Vedlikehold av eksisterande bygningar, gapahukar, jakttårn, stiar, bruer og andre anlegg og innretningar, i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- i) Merking og rydding av eksisterande stiar. Retningslinjer vert gjeve i forvaltningsplan.
- j) Rydding av stiar for ferdsel og sanking av beitedyr slik at dei kan haldast opne etter vindfall og liknande. Forvaltningsplanen kan ha retningslinjer om slik rydding.
- k) Ringbarking og felling av gran etter retningslinjer i forvaltningsplan.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar vist på vernekartet, er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding forbode.

§ 6. (generelle unntak frå ferdselsreglane)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjelder ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkøyretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing av bygningar, steinmurar, bruer og andre kulturminne etter samråd med kulturminnestyresmaktene
- c) Bygging av nye klopper til erstatning for gamle
- d) Oppsetting av nye fleirårige gapahukar og jakttårn dersom hjortevilt endrar trekk.
- e) Naudsynt motorferdsel for å fjerne gran felt i samsvar med § 4 k.
- f) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- g) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- h) Tilretteleggingstiltak på eksisterande stiar.
- i) Bruk av naturreservatet i miljøtilpassa reiselivsverksemd etter plan godkjend av forvaltningsstyresmakta.
- j) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g og h, og § 7 a, b, c og f.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltningsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (ikraftsetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.